



SAKSHANDSAMAR
Kristine Ledsten

VÅR REF.
20/00551-3

ARK. Sakarkiv
3.1.5

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
01.07.2020

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Se mottakerliste

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Vestland (geografisk område tidlegare Sogn og Fjordane) - informasjon om igangsett arbeid og invitasjon til møte

Riksantikvaren skal etablere eit register over Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA-registeret) for alle fylke i landet. Dette vert gjort i nært samarbeid med den regionale kulturminneforvaltninga. I Vestland fylke føreligg eit ferdig register for dåverande Hordaland fylke frå 2016. Arbeidet vart starta opp i dåverande Sogn og Fjordane fylke i 2018 og det ligg no føre eit førebels utkast til aktuelle landskap for denne delen av Vestland fylke, sjå vedlagde liste og kart (vedlegg 1 og 2). Eitt av områda på lista går inn i Voss herad. Kulturhistoriske landskap er omtalt i Kultur for alle, Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027.

Riksantikvaren ønskjer saman med Vestland fylkeskommune å møte kommunane for å presentere og drøfte dei førebelse framlegga til landskap. Vi tek sikte på å halde innspels- og informasjonsmøte for fleire kommunar saman i første halvdel av september. Vestland fylkeskommune vil ta kontakt med dei aktuelle kommunane for å avtale møtestader og datoar. Kontaktperson i fylkeskommunen er Arlen Synnøve Bidne.

Føremålet med møta er at Riksantikvaren og fylkeskommunen informerer om KULA og at kommunane får høve til å kommentere, gje innspel og stille spørsmål. Riksantikvaren strekar under at dette er ein førebels innspelsrunde med kommunane og at lista over område og kartavgrensingane for områda er førebelse. Dei planlagde møta og oppfølging etterpå med kontakt mellom fylkeskommunen og den einskilde kommune skal gje grunnlag for å utarbeide eit høyringsutkast med framlegg til landskap som skal inngå i KULA-registeret for Vestland (geografisk område tidlegare Sogn og Fjordane).

KULA-registeret skal vise landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse, avgrensa i hovudsak til rurale område. Dette er eit sentralt kunnskapsgrunnlag og skal signalisere tidleg og tydeleg kva landskap det må takast særlege omsyn til i areal- og sektorplanlegging. På denne måten vil regional og sentral kulturminneforvaltning vere meir føreseielege for kommunane i deira arealplanlegging og forvaltning av landskap. Vi ynskjer med registeret å medverke til auka medvit om landskapsverdiar og landskapsendringar.

Det er eit mål at kommunane skal forvalte KULA-områda med eigne verkemidlar, der plan- og bygningslova er viktigast. Eit hovudtiltak er å ivareta landskapa i kommuneplanens arealdel og leggje dei inn der som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap. Vidare er det eit mål at sektorstyresmakter skal ta omsyn til desse landskapa ved store tiltak til dømes innan samferdsel, kraftutbygging og kraftoverføringar.

Kommunane kan gjennom aktiv planlegging og forvaltning medverke til å utvikle landskapa sine som ein ressurs for innbyggerane og som grunnlag for næringsverksemd som til dømes reiseliv.

Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen vil legge vekt på landskapa i sine innspel til og handsaming av plansaker i kommunane og til planar og søknader etter sektorlover.

Dette brevet går i kopi til orientering til kommunar i Vestland (geografisk område tidlegare Sogn og Fjordane) som ikkje har område på den førebelse lista. Brevet går òg i kopi til regionale og statlege etatar, museum og organisasjonar i fylket.

Vedlagd finn de eit enkelt informasjonsark (vedlegg 3) som kort fortel kvifor vi skal ha eit KULA-register, kva KULA er og kva ein slik status betyr. Informasjonsarket kan nyttast internt i kommunen og som informasjon til innbyggjarar. På Riksantikvaren si nettside finn de meir informasjon om kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse www.ra.no
<https://www.riksantikvaren.no/prosjekter/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-kula/>

Beste helsing

Ingunn Holm (e.f.)
Fung. seksjonssjef

Kristi Vindedal

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Sogn og Fjordane Bondelag, Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE/ Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag/ Forsvarsbygg, Postboks 405 Sentrum, 0103 OSLO/ Statens vegvesen - Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER/ Årdal kommune, Statsråd Evensens veg 4, 6885 ÅRDALSTANGEN/ Gloppen kommune, Grandavegen 9, 6823 SANDANE/ Fortidsminneforeninga - Sogn og Fjordane avdeling, Vestreim, 6854 Kaupanger/ Solund kommune, -, 6924 HARDBAKKE/ Musea i Sogn og Fjordane, Gota 16, 6823 SANDANE/ NVE region vest, Postboks 53, 6801 FØRDE/ Kystverket - Vest, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND/ Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER/ Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN/ Fiskarlaget Vest, Slottsgaten 3, 5003 BERGEN

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Aurland kommune		Vangen 1	5745 AURLAND
Bremanger kommune		Postboks 104	6721 SVELGEN
Fjaler kommune		Dalstunet 20	6963 DALE I SUNNFJORD
Gulen kommune		Eivindvikvegen 1119	5966 EIVINDVIK
Hyllestad kommune		Kommunehuset	6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune		Postboks 159	6991 HØYANGER
Kinn kommune		Postboks 294	6701 MÅLØY
Luster kommune		Rådhuset	6868 GAUPNE
Lærdal kommune		Postboks 83	6886 LÆRDAL
Sogndal kommune		Postboks 153	6851 SOGNDAL
Stad kommune		Rådhusvegen 11	6770 NORDFJORDEID
Stryn kommune		Tonningsgata 4	6783 STRYN
Sunnfjord kommune		Postboks 338	6802 FØRDE
Vik kommune		Postboks 134	6891 VIK I SOGN
Voss herad		Postboks 145	5701 VOSS
Askvoll kommune		Boks 174	6988 ASKVOLL